

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hosanger

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Indre Hosanger.

Oppskr. av: Edv. Halvorsen

Gard: Romarheim

(adresse): Romarheim

G.nr. 42 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

For det meste etter bonde Johs. N. Romarheim, 79 år.

SVAR

Det kan fyrst nemnast at det er stor skilnad på den måten dei transporterar høy på no her i grendi, mot den dei nyttar i førre hundreåret.

Føre 1900 vart hesten ikkje brukta i slåttonni, dei gjekk "frikarar" i hamnehagen, og vart berre brukta til sæter-reiing. Alt gras og høy vart bore på tau, til hesjane og frå hesjane, til dess det var hamna i løa, anten utløa eller heimeløa.

No derimot vert høyet køyrt inn hjå alle som har hest, og der ein kan køyra. Berre på brattlendte stader, og der det er hestelaust, vert høyet framleies bore nett som før. Turrhøyet vert då bore på tau, og ei høybyrde vert vanleg laga slik: Når ein har lagt ut tauet, legg ein ei fenge på, omlag 40 cm fra hodli (håvola), neste fenge vert lagt like fram til hodli; så vert tredje og fjerde lagt på same måten oppå dei to fyrste. På toppen av byrda kjem så femte fenga, og dermed er byrda pålagt.

Skal beraren ha hjelp til å reisa seg med byrda, står hjelpesmannen helst attom og lyfter. Men sume hjelper seg sjølv, jamvel på flat bakke.

Ein har alltid tauet over akslene når ein ber.

Råhøyet ( graset eller ljonet) vert ofte bore på båre til hesjane, serleg på brattlendte stader. Båra har to stenger med 5-6 tverrbrett; ho vert bruka av både vaksne og born. Trillebårer og kiper til høytransport er godt som ikkje bruka.

Løypestreng vert bruka på sume gardar; dei tok til med det kring hundrearsskiftet.

Vognene som ein nyttar til høykøying no, er helst grindavogner. Det er vanlege arbeidsvogner, (kjerrer) som ein har sett ei grind på. Grindi er laga av smale bord, og er ca.  $2,7\text{ m}$  lang,  $1,2$  breid og  $1,2$  høg. Kubikkinnhaldet vert då ca.  $3,9\text{ m}^3$  og ei slik vogn tek omlag 200 kg turt høy. (5 byrder) Ein lesser på og av med høygaffel.

Rødde, (laga av tunt tau, hamp, grov not) har vore i bruk på einskilde gardar i indre Osterfjorden når det galdt å få gras eller høy nedover brattlendte stader. Ein har ikkje noko sers namn på det arbeidet.

Å slå i utmarki, (utslätter, markaslätt) vert no berre bruka i fjellgardane, men det vart ålement bruka til fram mot hundrearsskiftet. 1900-1910 slutta dei på godt som alle vanlege gardar med å slå i utmarki.

Eg skal her gjøva ei liti utgreiing om utslåttarbeidet og transporten av høyet der.

Dei fleste bønder hadde utslätter på fleire stader, og dei heldt seg på vekevis i desse slåttene. Dei slo alle stader der det fanst gras, og bar det så på tau fram til nærmaste hes. Når dei hadde fått fulle alle hesjane i eine slåtta, bar det til den andre.

Ofte laut konene heim om kvelden og laga til mat og koma med i slåtta, og dei sov lite den natti, for dei

for dei var gjerne i utslatta neste morgen til hine reis opp. Det var omlag ei halv mils veg.

Når så høyet var turt, tok dei or hesjane og bar det på tau fram til nærmaste utløa, som stundom kunne stå nær, men som på sume stader var 1-2 km borte. Der vart høyet liggjande til det vart høveleg snøføre om vinteren. Så snart dei meinte det gjekk an å laga braut, var høyeigarane på flekken og brøytte. Og når dei så hadde fått brauti grei, (dei trakka braut med truger, og jamna til på ymse stader) dreiv dei hardt på for å få alt heim før det vart omslag i veret. Det var ver og føre som avgjorde alt; ingen einskild mann kunne taka avgjerd om kva tid ein skulle køyra.


På köyredagane var dei tidleg ute, endå det gjernå var midt på vinteren. Han Niels-Askild Romarheim reis opp kl. 5 ein morgen, hivde litt mat i hessten, gjekk inn og åt sjølv, og tok i veg ei stund etter. I dag var han i allfall den fyrste. Men då han kom under Stien, (ca. 4 km nordanfor) møtte han grannen, han Sjur-Anders, som alt var på heimveg med fyrste lasset. (Dette hende kring 1870.)

Dei köyrde på vanlege arbeidssledar utan skoning. (Skoning under sledemeiane tok dei ikkje til med her før kring 1890.) I kvart lass var det fire byrder, som var lagde på tau kvar for seg. Oppå byrdene vart lagt ei høytong, som dei gyerde godt fast. Tversover lasset brukta dei to andre gyrdingar. Hodlene (eihhödl, fl. hodler) som dei brukta på gyrdingataui, var større og sterkare enn på vanlege byrdetau. (Tauet med hodli på kallast ei gyrding; å binda lasset fast, kallast å gynda det.

Høykøyringi var ikkje ferdig før alt var

heimkøyrt; nokon rest måtte ikkje liggja att.

Høytongi såg slik ut:



Spilene som gjekk langsetter, var laga av ein hatlestake, ca. 6 cm i tverrmål; han vart kløyvd og smidd til. Spilene var difor flate på eine sida, og runda på oversida.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

**232**

BYGDØY